

nr. 4 - 2009

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



Tekst og illustrasjon er henta frå boka "Marie" av Olaug Bjørndalen, med illustrasjonar av Anja Tveiterås. Boka er utforma av Ramsøy design.

Marie mistar alpelua- Alpelua segla nett som ein båt i storm, Marie såg ho for av garde oppå bølgiene. Opp og ned for ho, lengre og lengre vekk.

FORTELJINGAR FRÅ ... GAMLE DAGAR FENGJER

Olaug Bjørndalen nyttar historier frå eigen oppvekst på gard når ho fortel i barnehagen. Nå har forteljingane blitt til bok.

TEKST: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

FORTELJINGAR FRÅ GAMLE DAGAR FENGJER

© Holdhus barnehage



Borna i Holdhus er glade i forteljingane til Olaug Bjørndalen og syns det er stor stas at det har blitt bok av dei.

Då Marie var liten, var kaviar noko av det beste ho visste...

Illustrasjon:
Anja Tveiterås



i

Holdhus barnehage i Fusa kommune er borna godt vande med å få høyra sjølv-opplevde historier frå då Olaug var liten. - Eg har eit stort repertoar med forteljingar, seier ho. Desse har ho nytta i dei rundt tretti åra

ho har jobba i barnehagen.

Og forteljingane frå «gamledagar» er populære. Olaug Bjørndalen får dagleg spørsmålet om ho ikkje kan fortelja frå då ho var lita.

Borna kjenner forteljingane ut og inn og vil høyra dei om att og om att, fortel ho. Forteljingane blir levande for dei, og dei lever seg inn i dei.

Set fantasien i sving

Forteljingane hennar er frå då ho vaks opp på gard på 50-talet. Det er mangt som hende i ei lita jente sitt liv på den tida, som framleis fengjer borna. Her møter me Marie som er så glad i kaviar at ho ikkje klarar å styra seg for å eta han opp når ho skal handla for mora. Me får og høyra om korleis Marie og veninnene hennar skitna til bunadsforklea sine då ho feira femårsdagen sin og leika så kjekt ute. I alt er det fem historier som vert illustrerte i boka.

Borna identifiserer seg med det å bli lei seg, og det at alt ordnar seg og at dei vert glade att, fortel Bjørndalen. Samstundes har forteljingane hennar opna for at borna sjølve vil bidra med eigne historier.

- Forteljingane mine løyser opp og set fantasien deira i sving, seier ho. Bjørndalen har òg fått tilbakemeldingar frå bokhand-

larar om at boka er etterspurt til bruk på alders- og sjukeheimar. Sjølv trur ho dette har med at historiene i boka er greie og små, og at handlinga går tilbake i tid.

Skikkelege gamledagar

I tillegg til barnehageborna har barneborna stor glede av forteljingane til Bjørndalen.

Du besta, alle dei som levde i gamledagar, i dei skikkelege gamledagar, dei er døde nå. Men berre ikkje du, konstaterer barnebarnet på fem.

Men oldemor har jo òg levd i gamledagar, svarar bestemor Bjørndalen.

Men ho har ikkje levd i dei ekta gamledagane, men det har du bestemor!, svarar femåringen.

Gamledagar fengjer borna, smiler Bjørndalen.

Gamle omgrep


I tillegg er det ein god måte til å få ei vidare forståing av gamle omgrep, som til dømes orda møkakjerre, bislag, divan og uttrykket å skrøna. Desse er ikkje så vanlege i daglegtalen i dag. I boka er dei gamle orda utheva og forklarte.

Boka er på nynorsk og er skriven i ei forteljande form. Forfattaren har fått tilbakemeldingar om at det er lett for andre å lesa frå boka, og at det er lett for dei å involvera seg i det dei les. Det tykkjer ho er positivt.

Frå forteljing til bok

Tanken om å få skriva ned forteljingane kom då ho vart bestemor for ein del år sidan.

- Eg tenkte eg ville skriva dei ned slik at barneborna kunne ha forteljingane til minne om meg, fortel ho. Men forteljingane vart litt lite spennande berre som tekst på ark, og eg kunne tenkja meg å få nokre illustrasjonar. Ho fann eit firma i Bergen som hadde kontakt med ein kunstnar, og så byrja ballen å rulla.



Natt - Vrimlebok

Av Rotraut Susanne Berner

Omsetjing: Hanna Midtbø, Ragnfrid Trohaug

Samlaget 2009

Mange hugsar nok *Vår - Vrimlebok*, *Haust - Vrimlebok*, *Vinter - Vrimlebok* og *Sommar - Vrimlebok*. Dette er den femte boka om livet i Vrimleby. Her er mange historier utan ord. Birgit som ikkje får sove,

Susanne og Santosh som går kveldstur, Mingus og Feline som har familietreff, Oskar junior som søv i hagen, Frank som sykklar utan lys. Vrimlebøkene er store, robuste og fargeglade. Her kan borna fylgje personar, dyr og gjenstandar gjennom boka, utan at dei må lese noko som helst.

Dei minste borna vil truleg finne mykje glede i å peike, dikte små historier om det dei ser, og ikkje minst leite på neste side for å finne ut korleis det gjekk med favoritten deira. Og større born kan bruke mykje tid på detaljane i boka, samstundes som dei kanskje blir inspirerte til å finne si eiga historie i teikningane?

For det er nettopp bilete denne boka består av. Store, gode teikningar som både er realistiske og detaljrike. Og kvar minste bil, sykkel eller person har si eiga historie som blir fortalt på neste side. Dette er biletboka ein aldri blir heilt ferdig med, og som høver for born i alle aldrar. Kanskje kan den også nyttast i undervisninga i barneskulen, til å stimulere kreativitet og skrivelyst?

Her er mange historier å fortelje for den som les høgt, og det er mange ting å oppdage for den som fylgjer med. Dette er ei biletbok som fortener at ein tek seg tid til å undre seg, peike, forklare og dikte.

Judith Sørhus Litlehamar

Ho har mange forteljingar på repertoaret, men ho har berre nytta fem forteljingar i boka «Marie». Via kontakt med designbyrået Ramsøy design, som har utforma boka vart Bjørndalen introdusert for kunstnaren Anja Tveiterås, som har illustrert forteljingane i boka.

Namnet på karakteren i boka har ho henta frå sitt eige namn.

Eg heiter Olaug Marie, men tykte ikkje at Olaug klang så bra til karakteren i forteljingane. Etter gode innspel frå barnehageborn enda ho opp med å velja Marie som namn på karakteren og boka.



- Marie hugsar godt at ho fekk ei flott dokke av storebror sin, Hans Johan, som ho kalla dokka si opp etter.
Illustrasjon: Anja Tveiterås

Vinje kulturskule har samla songar, leikar og eventyr ifrå Somalia.

I samband med mangfaldsåret 2008 trykte kommunen opp eit nytt opplag av heftet som kan vera til god hjelp for barnehagar, skular, kulturskular og flyktingkontor.

Heftet er eit resultat av eit prosjekt i Vinje kulturskule i 2001, fortel kulturkonsulent Tone Svalastog Games. Ho var flyktingkonsulent i Vinje kommune frå nyttår 1989 til 2000.

Som flyktingkonsulent såg eg behovet for å synleggjera noko av innvandrarkulturen, seier Games.

Saman med somaliarane i Vinje samla Games stoffet, og materialet er omsett til norsk/somali av tolken Mohamed Weli Sheikh. Vinje kommune fekk sine fyrste flyktingar frå Somalia i 1987 og fekk i 2008 Amnesty-prisen for det vellukka integreringsarbeidet som har blitt gjort fram til i dag.

Identitetsskapande

Eventyr og leikar? - ja, vi hadde mange, men eg minnest dei ikkje. Ja eg minnest litt, men ikkje heile eventyret. Har ikkje tid eller overskot til å tenkja på slikt.

Mange av flykningeborna og foreldra svarar at dei ikkje har eigne forteljingar eller eventyr når dei vert spurte, fortel Games. Ved å få tilgang til eventyr og historier frå deira eige land, vil identitetskjensla deira styrkast.

Samstundes som mykje er likt i forteljingane frå Noreg og Somalia og gjev gjenkjenning og spegling, er det rom for å stilla spørsmål til det som er meir framandt, seier ho. Det er òg lettare å tilnærma seg spørsmål om kva det som er likt og ulikt, ved å nytta forteljing og song. Då kan ein lettare unngå fiendtlege haldningar.

Ei av utfordringane ved innsamlingsarbeidet var at det var dei eldste som sat på materialet, fortel Games. Dei hadde ord og uttrykk som den yngre generasjonen ikkje kjende til.

På denne måten fekk dei unge utvikla sitt eige språk og fekk kjennskap til uttrykk og metaforar som tidlegare var ukjende for dei, avsluttar Games.

Det er råd å få tak i heftet ved å kontakta Vinje kulturkontor.

Lekselyst hos førskuleungar

I Rekning og skrivning er ikkje berre ei skulesak, men òg ei viktig sak for barnehageungane, særleg femåringane. I barnehagen driv dei med skuleføre-



TRUDE HOEL ER:
universitetslektor ved
Nasjonalt senter for
leseopplæring og lese-
forskning, Lesesenteret,
ved Universitetet
i Stavanger

buande aktivitetar. Mellom anna skriv ungane namna sine, dei tel og spelar spel, og så øver dei på friminutt.

Forventningane til skulen og det som skal skje der, pregar ikkje berre timane i barnehagen, men òg ungane si fritid. Dei held fram med å skriva namnet sitt på teikningar og anna tilgjengeleg skriveunderlag i heimen, dei tel alt som teljast kan, og dei leikar skule. Ungar som har begynt på skulen har ei høg stjerne i denne perioden, for dei sit med fasiten, og dei som allereie har eldre sysken som går på

skulen, kan sola seg i glansen av desse.

Ungane sin lengt etter skulestart har sjølv sagt manifestert seg i populærkulturen, og det finst eit uttal oppgåvebøker som ein kan kjøpa i leikebutikkar og bokhandlar: Lær å telle fra 4-6 år, Lek og lær, Lek med lyd og

språk fra 4-6 år. Slike oppgåvebøker har blitt populære gåver i bursdagar, og mange ungar synest det er fantastisk å kunne løysa oppgåver, nett som dei gjer i skulen. «Leksene mine» seier dotter mi på 5 år med kjærlig røyst og stryk handa varsamt over oppgåveboka si.

Kan interessa for skuleaktivitetar og ønsket om å læra vera skadeleg for ungane? Er det eit poeng at me skal stoppa dei? Nei, meiner eg. Så lenge interessa og driven ligg hos ungane sjølve, skal me hekta oss på og gleda oss saman med dei. Det er når ungane sjølve viser engasjement og interesse, at dei lærer aller mest.

Eg har likevel nokre atterhald til desse oppgåvebøkene: Ungane verken kan eller skal sitja med bøkene åleine dette er noko dei må gjera saman med vaksne som kan rekna og lesa. Så lenge ikkje alle foreldre har tid eller ser meining i slike aktivitetar, kan oppgåvebøkene vera med på å skapa forskjellar mellom ungar fordi nokre ungar får mykje meir erfaring med tal og bokstavar enn andre. Dessutan er langt ifrå alle oppgåvebøkene gode. Mange av dei er t.d. direkte omsette frå engelsk eller tysk, og då gjev ikkje alle språkoppgåvene meining. Eg tykkjer også det er eit ankepunkt at eg ikkje finn slike oppgåvebøker på nynorsk, for eg vil gjerne at ungane mine skal ha lese- og skriveopplæring på nynorsk, og lese- og skriveutviklinga startar allereie medan ungane er i barnehagen.

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

PiRion -kurs Les meir på
www.pirion.no